

## **Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet har ingen merknader til områdereguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra, Alver kommune.»

### **Avrøysting**

Bjørkly sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ser at forslaget til områdereguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra har gode intensjonar om å stø opp om ei berekraftig og attraktiv utvikling i Bergensområdet, men ved å legge opp til for stor bustadetablering i høve befolkningsprognosane for innbyggjartal i Alver kommune, vil det vanskeleggjere satsinga på dei eksisterande sentera i kommunen.

2. Fylkesutvalet meiner at kommunen bør utsetje handsaminga av områdereguleringsplanen til ein har fått utarbeida ny kommuneplan slik at ein får gjort ei heilskapleg vurdering av bustadbehovet og senterutviklinga i den nye kommunen. Dersom kommunen ikkje utset handsaminga fremjar fylkesutvalet motsegn til planen på følgjande punkt:

- a) Behovet for utbygging av Midtmarka og Rotemyra med 3 000 bustader og 40 000 m<sup>2</sup> næring er ikkje grundig nok dokumentert til å kunne forsvare nedbygging av og kring dei regionalt viktige friluftsområda Midtmarka, Håøyna og Flatøyosen. Sjølv om området er knytt til ei regional vekstsone, må det ligge føre dokumentasjon av behov for å kunne bygge ned grøntområde.
- b) Fylkesutvalet meiner planforslaget opnar for meir detaljhandel enn det som er tillate for i regionalt planføresegns for handel jf. Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Utfordringa vert forsterka av at føreseggnene i områdeplanen er opne for at ein kan lokalisere hotell, kontor, tenesteyting, bustader og detaljhandel i alle senter- og kombinertområda i plan.